



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 16.04.2018  
Vår ref.: 2017/17467-4  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Melding om vedtak - Klage på avvising av klage på dispensasjon frå byggegrense mot fv. 122 - gnr. 78 bnr. 4 - Fusa kommune

Me viser til Dykkar brev av 11.01.2018 med oversending av klage som nemnd over.

Saka vart handsama i den fylkeskommunale klagenemnda i møte 10.04.2018 sak PS 20/2018, og følgjande vedtak vart samrøystes vedteke:

*«Klage frå Knut Vindenes og Sissel Kandal av 25.12.2017 over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.2017 om å avvise deira klage av 23.11.2017, vert ikkje teken til følgje.»*

Vedtaket er endeleg. Me ber om at De underrettar parten/klagaren om klagenemnda sitt vedtak. Saksframlegget til klagenemnda skal verta gjort kjent for parten/klagaren. Saksframlegget er grunngjevinga for vedtaket, jf. fvl. § 24.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2017/17467-3

Saksbehandlar: Anne Vedvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	20/18	10.04.2018

**Klage på avvising av klage på dispensasjon frå byggegrense mot fv. 122 - gnr. 78 bnr. 4 - Fusa kommune****Samandrag**

Saka gjeld klage over avvsningsvedtak.

Den 06.09.2017 fatta Statens vegvesen (SVV) vedtak om dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 122 i samband med søknad om oppføring av bustad på gnr. 78 bnr. 4 i Fusa kommune, eigd av Eli Dalland. Knut Vindenes og Sissel Kandal (Klagar) sende klage over dispensasjonsvedtaket den 23.11.2017. SVV avviste klaga fordi klagefristen var ute.

Klagar klaga den 25.12.2017 på SVV sitt avvsningsvedtak av 05.12.2017. Klaga er rettidig. SVV har vurdert klaga og funne å oppretthalda avvsningsvedtaket. Ved brev av 11.01.2018 vart klaga oversendt Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Fylkesrådmannen finn at SVV ikkje hadde varslingsplikt overfor Klagar ved vedtak om dispensasjon, då klagar ikkje viste aktivitet eller tok ordet i saka før vedtaket var fatta. Klagar vart dagen etter vedtaksdato gjort kjent med dispensasjonen og plasseringa av huset av representant for tiltakshavar, men bad ikkje om innsyn i vedtaket før etter at nabovarselet var sendt ut. Klagar har ein viss aktivitetsplikt sjølv om informasjon om klagegangen ikkje var varsla, og klagefristen var såleis ute då klaga vart sett fram. Fristoversitjinga er vesentleg og vilkår for å ta klaga til behandling etter fristen er ikkje til stade.

På denne bakgrunn finn fylkesrådmannen at klage over SVV sitt avvsningsvedtak ikkje vert teken til følgje.

**Økonomi:** Ingen effekt

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

**Forslag til vedtak**

Klage frå Knut Vindenes og Sissel Kandal av 25.12.2017 over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.2017 om å avvsa deira klage av 23.11.2017, vert ikkje teken til følgje.

## Saksprotokoll i klagenemnda - 10.04.2018

**Tor André Ljosland (Krf)** stilte spørsmål om han var inhabil i saka då parten i saka er partikollega. Han kjenner han og veit kven han er. Ljosland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Klagenemnda vedtok samrøystes at Tor André Ljosland ikkje var inhabil.

Tor André Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Klage frå Knut Vindenes og Sissel Kandal av 25.12.2017 over Statens vegvesen sitt vedtak av 05.12.2017 om å avvise deira klage av 23.11.2017, vert ikkje teken til følge.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Vedlegg

- 1 Kopi - Vedkommande din klage på vedtak om løyve til dispensasjon fra byggegrense mot fv 122 - gnr 78 bnr 4 - Fusa kommune
- 2 17\_137651-9Oversending til klagehandsaming - klage på avvising av klage på dispensasjon frå byggegrense mot fv. 122 - gnr 78 bnr 4 - Fusa kommune med vedlegg

**Fylkesrådmannen, 02.03.2018****Bakgrunn**

Saka gjeld klage over avvísingsvedtak.

Den 06.09.2017 fatta Statens vegvesen (SVV) vedtak der Eli Dalland fekk dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 122 i samband med søknad om oppføring av bustad på gnr. 78 bnr. 4 i Fusa kommune. Eli Dalland er representert av Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS. Knut Vindenes og Sissel Kandal (Klagar) sende klage over dispensasjonsvedtaket den 23.11.2017. SVV avviste klaga fordi klagefristen var ute.

Klagar klaga den 25.12.2017 på Statens vegvesen (SVV) sitt avvísingsvedtak av 05.12.2017. Klaga er rettidig.

SVV har vurdert klaga og funne å oppretthalda avvísingsvedtaket. Ved brev av 11.01.2018 vart klaga oversendt Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

**Rettsleg grunnlag**Forvaltningsloven § 2, første ledd bokstav a), b) og e)

I denne lov menes med:

- a) Vedtak, en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller private rettssubjekter);
- b) Enkeltvedtak, et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer; (...)
- e) part, person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder. (...)

Forvaltningsloven § 27, første ledd

Det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket, skal sørge for at partene underrettes om vedtaket så snart som mulig. Dersom en mindreårig over 15 år er part i saken og blir representert av verge, skal organet også underrette den mindreårige selv. Underretning skal gis av det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket, hvis ikke særlige grunner tilsier at dette overlates til et annet organ. I regelen gis underretning skriftlig. Er det særlig byrdefullt for forvaltningsorganet å gi skriftlig underretning, eller haster saken, kan underretning gis muntlig eller på annen måte. I så fall kan en part kreve å få vedtaket skriftlig bekreftet. Underretning om vedtaket kan helt unnlates for så vidt underretning må anses åpenbart unødvendig og vedtaket ikke medfører skade eller ulempe for vedkommende part. (...)

Forvaltningsloven § 28

Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalget eller en eller flere særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.

Med mindre Kongen bestemmer annerledes, kan klageinstansens vedtak i klagesak ikke påklages. Klageinstansens vedtak om å avvise klagen kan likevel påklages, unntatt:

- a) når også underinstansen traff vedtak om å avvise klagen,

- b) når underinstansen har prøvd avvisningsspørsmålet og kommet til at vilkårene for realitetsbehandling er til stede;
- c) når Kongen vil være klageinstans,
- d) når klagen er avvist av en uavhengig klagenemnd.

Er det klagerett over et vedtak om å avvise en klage som er truffet av et kommunalt eller fylkeskommunalt organ som klageinstans, går klagen til fylkesmannen.

### Forvaltningsloven § 29

Fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part. Skjer underretningen ved offentlig kunngjøring, begynner klagefristen å løpe fra den dag vedtaket første gang ble kunngjort.

For den som ikke har mottatt underretning om vedtaket, løper fristen fra det tidspunkt han har fått eller burde ha skaffet seg kjennskap til vedtaket. Ved vedtak som går ut på å tilstå noen en rettighet, skal klagefristen for andre likevel senest løpe ut når det er gått 3 måneder fra det tidspunkt vedtaket ble truffet.

Har en part krevet å få oppgitt begrunnelsen for vedtaket etter § 24 annet ledd, avbrytes klagefristen. Ny klagefrist tar til å løpe fra det tidspunkt meddelelse om begrunnelse er kommet frem til ham eller han på annen måte er gjort kjent med den.

Vedkommende underinstans eller klageinstans kan i særlige tilfelle forlenge klagefristen før denne er utløpet.

### Forvaltningsloven § 31

Selv om klageren har oversett klagefristen, kan klagen tas under behandling såfremt

- a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversett fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller
- b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet.

## **Klage**

Klage dagsett 25.23.2017 frå Knut Vindenes og Sissel Kandal

«Vi henviser til brev datert 05.12.17 fra Statens Vegvesen med overskrift «Vedkommande din klage på vedtak om løyve til dispensasjon frå byggegrense mot tv. 122, gnr. 78 bnr. 4 Fusa kommune».

Vi vil herved bruke vår rett til å klage på brevets vedtak. I tillegg kommenterer vi på hele prosessen så langt.

Vi undrer oss over hele denne prosessen, av tre forskjellige årsaker:

1. **Av dispensasjonen fra byggegrensen på 30 meter er innvilget av Statens Vegvesen.** At dispensasjonen fra byggegrensen på 30 meter i utgangspunktet er innvilget i det hele tatt, fremstår som svært underlig tatt i betraktning kombinasjonen av fotgjengere og biler i krysset og trafikkrisikoen knyttet til dette. Andre personer i området som vi har diskutert saken med, deler vår vurdering av at trafikksikkerheten forringes dersom det bygges et hus her.

2. **Det er svak begrunnelse i dispensasjonsbrevet.** I brevet fra Statens Vegvesen til Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS der dispensasjonen begrunnes er det ikke gjort utfyllende rede for vesentlige forhold knyttet til trafikksikkerhet. Det som vi opplever som stor risiko i krysset og som burde være kjernen i dispensasjonsspørsmålet er fullstendig omgått i dispensasjonsbrevet.
3. **Måten vi hindres fra å benytte klagerett.** Vi syns det er en svært tynn begrunnelse som brukes for å avslå vår klagerett på dispensasjonen. Det innrømmes at vi ikke er opplyst på noen som helst måte om klagerett på de tidspunkt som det henvises til, samtidig som det tilsynelatende forventes at vi som lekmenn selv skulle forstått våre rettigheter.

I sum opplever vi at trafikksikkerheten ikke tas alvorlig nok og at saksbehandlingen ikke er omfattende nok. Det vil være i alle sin interesse at man foretar en ny og grundig behandling og dokumenterer grundig forholdene knyttet til siktlinjer og trafikksikkerheten for fotgjengere inkl barn i krysset.

### **Mer utfyllende kommentarer knyttet til de hovedpunktene over**

#### **Jmf punkt 2 ovenfor**

I Statens Vegvesen sitt brev datert 06.09.17 og med overskrift «Dispensasjon frå byggegrense – Fv. 122 – Gnr. 78 bnr. 4 – Fusa kommune» er følgende setninger sentrale:

*«10 meter frå midtlinja er i ugangspunktet svært nærme.» og «På grunn av forholda på staden, med gang- og sykkelveg på strekninga og utbetring av fylkesvegen i seinare tid, har Statens vegvesen likevel gjort vedtak om å gi dispensasjon frå byggegrensa.»*

Når Statens Vegvesen selv viser gjennom sin ordlyd i dispensasjonsbrevet at saken er i grenseland og konklusjonen ikke er opplagt, hadde vi forventet å finne siktlinjer og andre faktorer knyttet til trafikksikkerhet bedre dokumentert (jmf formuleringen «[...]», har Statens Vegvesen likevel gjort vedtak om å gi dispensasjon [...]).

I brev 5.desember, der vår klagrett avslås, skriver Statens Vegvesen:

*«Bustaden ligg rett nok nære vegen, men medfører ikkje at sikte i kryss mellom fv. 121 og kommunal veg KV1128 vert dårlegare enn det gjeldande normalar krev (handbøker N100 og V121).»*

Vår kommentar: Vi mener Statens Vegvesen har en større bevisbyrde (når de velger å gi dispensasjon) enn å på generell basis bare henvise til 2 håndbøker som angivelig skal legitimere at siktforholdene blir tilfredsstillende. Vi forventer at det brukes skisser/tegninger til å konkret vise hvordan siktlinjene blir – med henvisning til de spesifikke, gjeldende føringer i regelverket. Da blir det mulig å etterprøve. Vi har dessuten i vår klage, som er avvist å behandle, bedt om at det foretas befarings.

I samme brev heter det at «*Det er gang- og sykkelsti langs med nordsida av f. 122.*». Vår kommentar er at dette har svært liten eller ingen betydning for den risikoen som vi faktisk påpeker; kombinasjon av biler og fotgjengere inkl barn i selve krysset.

Vi opplever altså at begrunnelsen for dispensasjonen mangler gode forklaringer for hvordan trafikksikkerheten vil være tilstrekkelig ivaretatt.

#### **Jmf punkt 3 ovenfor**

Først noen kommentarer vedrørende prosessen rundt vår klagerett.

Vår forventning når det gjelder klagerett er å bli tydelig opplyst om denne retten på det tidspunkt den faktisk begynner å gjelde. Som lekmenn har vi ikke erfaring med bruk av slik klagerett og vi tenkte derfor ikke på klagerett da vi mottok nabovarselet. Nabovarselet som vi mottok og som var

utarbeidet av Byggadministrasjon Harald Bjørndal holdt gjennomgående svært lav kvalitet og dispensasjonen var kun omtalt på en overfladisk og upresis måte. For ordens skyld skaffet vi oss innsyn i dispensasjonen fra Statens Vegvesen, da etter å ha blitt nektet innsyn fra Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS. Gjennom nabovarselet skulle dispensasjonen fra Statens Vegvesen vært vedlagt og vår klagerett på 3 uker skulle vært opplyst. Det er urimelig at vi må ta konsekvensen (å miste klagerett) av at nabovarselet var så mangelfullt.

Da vi mottok dispensasjonsbrevet fra Statens Vegvesen og fikk innsyn i innholdet i saken, innså vi at vi hadde synspunkter og vi så da for første gang også avsnittet om klagerett nederst i dispensasjonsbrevet. Ordlyden i nevnte avsnitt antydde ikke at det skulle være vår første og mer perifere kjennskap til dispensasjonen som initierte den tre uker lange klageretten. Formuleringen var følgende: «Vedtaket kan klagast på, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre -3- uker får du fekk dette vedtaket.» *Her er vi ved kjernen i saken: Det står vitterlig at man har 3 ukers klagefrist fra man har fått vedtaket.*

Når man er lekmenn og i full jobb er 3 uker klagefrist forholdsvis kort tid til å sette seg inn i en sak og skrive en velbegrunnet klage. At man da skal avspises med tid knyttet til å skaffe seg innsyn i saken, slik at tidsvinduet i realiteten blir mindre enn 3 uker, oppleves i seg selv som ulogisk og urimelig.

I brevet fra Statens Vegvesen datert 05.12.17 der vår klagerett avslås, fremkommer dessuten følgende som vi vil kommentere:

Det er feil at tomten ligger vest for krysset mellom FV122 og KV1128. Tomten ligger øst for nevnte kryss.

Det vises for øvrig til at det er 40 km/t fartsgrense i området. Denne fartsgrensen overholdes i liten grad, noe vi uavhengig av denne saken tok opp med Fusa lensmannskontor tidligere i år. Lensmannskontoret ville vurdere å gjennomføre noen fartskontroller i området, men dette antar vi har lav effekt hvis ikke omfanget av kontroller blir stort nok. Statens Vegvesen kan naturligvis velge å opprettholde dispensasjonen, men kompensere ved andre tiltak som å etablere ATK eller fartsdumper i fylkesveien for å opprettholde sikkerheten ved at farten faktisk holdes på 40 km/t. Da er det vel langt bedre å unngå dispensasjon som tillater huset i første omgang.

Vi ber nå om et møte med Statens Vegvesen for å diskutere saken.»

## SVV si vurdering

«I vedtaket om å avvise klaga av 05. desember 2017 har Statens vegvesen lagt til grunn at klagarane har rettslig klageinteresse.

Under ein kvar omstende følger det av Forvaltningslova (fvl.) § 2, 3. ledd at avgjerder som går ut på å avvise ei sak, eksempelvis fordi den er for seint framsett, fullt ut skal følge reglene for enkeltvedtak, slik at føresegnene i lovens klagekapittel vert gjeldande. At klagar har klagerett på avgjerda om å avvise klaga er difor slått fast.

Når det gjeld Statens vegvesen si behandling av klaga, meiner klagarane at dei er blitt hindra i å nytte sin klagerett, at grunngevinga for å avslå retten til å klage på dispensasjonen er tynn, og at klagar ikkje er opplyst på noko vis om sin klagerett.

Statens Vegvesen Region Vest har, etter mottatt klage av 23. november 2017, rekna klagarane som part i klagesaken.

Eit vilkår for at personar som elles ikkje er part skal verte underretta om eit vedtak etter reglane i fvl. § 27, er at vedkommande sjølv direkte har gitt til kjenne at dei er engasjert i, eller har interesser knytt til saka. Forvaltingsmynda kan ikkje av eige tiltak behandla nokon som part, og/eller underretta om vedtak, dersom vedkommande ikkje er part i saken allereie

etter definisjonen i Fvl. § 2 første ledd e), med mindre vedkommande har uttalt seg i saken, eller ytra noko ynskje om partstatus eller om å verte informert om saken. Dette har klagarane i denne saka ikkje gjort før klaga av 23. november 2017 vart sendt. Noko oppfordring til å underretta klagarane om vedtaket, og informere om eventuell klagerett har Statens vegvesen ikkje hatt, før klagen av 23. november 2017.

Situasjonen er at det passerte 9 ½ veke frå klagar den 07. september 2017 vart kjent med at dispensasjon var gjeve, til klaga vart sendt 23. november 2017.

Klagarane meiner at det ikkje kan verte forventat at dei som lekmenn forstod når frist for eventuell klage begynte å springe, og at dei først etter at dei hadde bedt om og fått innsyn i dispensasjonsvedtaket forstod at dei hadde synspunkt om saka, og vart oppmerksom på klagerett.

Søkar informerte som nemnt klagarane den 07. september 2017 om at «Statens vegvesen hadde innvilget dispensasjon fra avstandskravet fra fylkesvegen». Dette er tilstrekkeleg til at klagarane har fått kjennskap til at det er fatta eit vedtak som dei forstod, eller burde ha forstått påverkar deira interesser.

I Norsk lovkommentar (Gylden rettsdata) til Fvl. § 29, 1. kjem det fram at «Det er ikke tilstrekkelig at vedkommende har kjennskap til at det er truffet avgjørelse i saken hvis han eller hun ikke kjenner til innholdet. Derimot er det ingen nødvendig forutsetning at parten kjenner alle detaljer i vedtaket. Har parten kjennskap til at det er truffet vedtak som vedkommende skjønner eller bør skjønne berører hans eller hennes interesser, vil det gjerne kreves at han eller hun snarest prøver å få nærmere kjennskap til hva det går ut på.» Det følgjer av dette at klagefristen var utgått då klaga vart sendt. Spørsmålet som står att er difor om det er grunnlag for behandling av klaga iht. Fvl. § 31, trass overskriden klagefrist.

§ 31 er ei «kan»- føresegn, og behandling av klage etter denne er opp til forvaltninga sitt skjønn.

Ein føresetnad for behandling etter føresegna er at parten eller hans fullmektig ikkje kan lastast for å ha overskride fristen, eller for å ha utsett å klage til etterpå, eller det av særskilte grunnar er rimeleg at klaga vert prøvd. Klagar har, trass kjennskap til dispensasjonen, og hovudinnhaldet i denne, avstått frå å gjere seg nærare kjent med vedtaket, og eventuelt klage på dette. Statens vegvesen kan ikkje sjå at det føreligg særskilte grunnar for at klaga skal verte behandla, trass overskriden klagefrist. Dette spesielt i lys av at endring av vedtaket i klager sin favør vil gripe inn i ein allereie gjeve rett for ein part, noko som etter Fvl. § 31, 2. ledd skal vektleggast ved vurdering av om klage bør takast opp til behandling.

Statens vegvesen finn etter dette ikkje grunnlag for å endre vår avgjerd om å avvise klaga etter Fvl. § 29 jfr. § 31, og oversender med dette klaga på avvising av klage til klageinstansen for behandling.

#### Realitetsvurderinga

Avslutningsvis kommenterer me som nemnd i innleiinga følgjande til realitetane i dispensasjonssaka: [...]»

#### **Fylkesrådmannen si vurdering.**

Fylkesrådmannen finn ikkje grunn til å gå inn i dispensasjonssaka og merknadene frå Klagar og SVV sine faglege vurderingane. SVV si realitetsvurdering og illustrasjonar over siktkrav og siktliner er derfor ikkje sitert, men kan lesast i vedlegg til dette saksframlegget. SVV har vurdert merknadene, og kom til at den omsøkte bustaden ikkje påverkar sikta for kryssande gåande, samt at vurderingane som ligg til grunn for dispensasjonsvedtaket er i tråd med handbok V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss* og V127



*Kryssingssteder for gåande.* Skulle fylkesrådmannen overprøva dette, betyr i det i praksis at den saka som er avvist, vert handsama.

Nærverande klagesak gjeld avvising av klage. I det følgjande går ein berre inn i dei prosessuelle problemstillingane etter forvaltningslova.

Det er ikkje tvilsamt at vedtak om avvisning av klage frå Klagar er eit enkeltvedtak, jf. fvl. § 2, første ledd bokstav b). Avvisningsvedtaket rettar seg mot Klagar som då er part i nærverande klagesak, jf. fvl. § 2, første ledd bokstav e).

Vedtak om dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 122 er eit enkeltvedtak som rettar seg mot Eli Dalland som er part. Varslingsplikta går fram av fvl § 27, første punktum. Det er part i saka som skal varslast. I Norsk lovkommentar (Gyldeldal rettsdata) til denne bestemminga heiter det at:

«I en klagesak skal også den som har rettslig klageinteresse og som har opptrådt som part, varsles. Noen direkte plikt til ellers å varsle den som uten å være part i førsteinstansvedtaket likevel har klagerett over det, følger ikke av § 27. Men det vil etter forholdene være naturlig å bruke § 27 analogisk der vedkommende må antas å ville ha en aktuell interesse i å bruke sin klagerett, jf. også § 11 om forvaltningens alminnelige veiledningsplikt.» (Vår understreking)

At nokon har rettsleg klageinteresse er ikkje tilstrekkeleg for at forvaltningsmynde har varslingsplikt. Den som har rettsleg klageinteresse må òg opptre som part, dvs. visa interesse og aktivitet i saka slik at forvaltningsmynde har grunn til å tru at vedkomande har aktuell interesse i å nytta klageretten.

Det er opplyst at Klagar er nærmaste nabo til eigedomen gnr. 78 bnr. 4 som har fått dispensasjonen. Dispensasjonsvedtaket gjeld byggegrense til fylkesveg, ikkje byggjegrense til naboeigedomen. Dispensasjonsvedtaket er ikkje til skade eller ulempe for Klagar. Dispensasjonen er gitt etter å ha vurdert allmenne trafikktryggleiksomsyn. Det går ikkje fram i saka at Klagar på noko tidspunkt viste aktivitet overfor SVV før dispensasjon vart gitt. Slik fylkesrådmannen ser det, var det etter tilhøva ikkje grunn til å tru at Klagar ville ha aktuell interesse i å nytta klageretten over dispensasjonsvedtaket, sjølv om klagar har rettsleg klageinteresse. Forvaltninga kan ikkje, slik SVV har vist til, av eige tiltak behandla nokon som part, og/eller underretta om vedtak, dersom vedkommande ikkje er part eller har ytra seg i saka. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at SVV hadde varslingsplikt overfor Klagar.

Klagar fekk kjennskap til vedtaket via e-post frå Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS den 07.09.2017. I e-posten skreiv Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS følgjande til Klagar:

«Hei! Siste status på tomteprosjektet: statens vegvesen har gitt disp fra avstandskravet fra fylkesvei (har fått disp på at huset kan settes 10 m fra midtlinjen). Disp kom i går. Neste steg er forhåndsuttalelse fra kommunen før endelig byggesøknad mm blir utformet. Vi snakkes uansett i god tid før det, men da vet dere i alle fall status på vår side. Mvh Kjersti.»

Klagar takkar for info i e-post til Byggadmininstrasjon Harald Bjørndal AS same dag. E-postutvekslinga tyder på at det har vore kontakt mellom Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS og Klagar før dispensasjonsvedtaket. Ingenting tyder på at SVV kjende til denne kontakten.

Frå og med 07.09.2017 er det på det reine at Klagar kjende til at dispensasjonen var gitt og til sjølve plasseringa av huset 10 meter frå midtlinja. Sjølv om Klagar ikkje fekk opplyst reglane om klage, har klagar ein viss aktivitetsplikt for å sikra sine interesser. Fylkesrådmannen meiner at ein bør kunne forventa at Klagar straks hadde bedt om innsyn eller på anna måte vist aktivitet overfor SVV dersom dei meinte at plassering av huset var trafikkfarleg. Når det ikkje er varslingsplikt etter fvl. § 27, kan heller ikkje manglande opplysning om klage suspendera klagefristen.

Sjølv om klagefristen er ute, kan forvaltninga etter eige skjønn ta klaga til behandling etter forvaltningslova § 31. SVV har skjønsmessig vurdert dette og kome til at vilkåra i § 31 første ledd, a) og b) ikkje er tilstade. I følgje Norsk lovkommentar kan fristoversitinga i første rekkje orsakast dersom den skuldast brot på varslingsplikta etter fvl. § 27. Som vist hadde ikkje SVV varslingsplikt. Oversitting av klagefristen kan verta orsaka av subjektive tilhøve som t.d. alvorleg sjukdom, ulukka o.l. Sjølv om Klagar er lekmann og er i full jobb slik Klagar viser til, har Klagar ein viss aktivitetsplikt ut frå den kjennskapen Klagar påviseleg hadde.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er lengda på fristoversitinga vesentleg. Klagar hevdar at nabovarselet var mangelfullt, og at ein for ordens skuld ba om innsyn i dispensasjonsvedtaket. Det er ikkje noko i saka som forklarar kvifor Klagar venta med å krevja innsyn til 03.11.2017, for som vist var det ikkje ved nabovarselet Klagar fekk kjennskap til dispensasjonen og plasseringa av huset.

Ved vurderinga av om klage som er sett fram for seint, likevel skal takast til behandling, skal forvaltninga òg vurdera om eventuell endring av vedtaket kan vera til skade eller ulempe for andre, jf. § 31, andre ledd. Det er ikkje tvilsamt at endring av dispensasjonsvedtaket vil vera til skade eller ulempe for eigar av gnr 78 bnr 4. Utan dispensasjon kan ikkje Eli Dalland nytta tomten til bustadføremaal.

Sjølv om det vedtaket er til ulempe eller skade for parten, kan samfunnsmessige omsyn likevel gje grunn for å omgjera vedtaket. SVV har ved to høve - dispensasjonsvedtaket og avvisingsvedtaket - vurdert trafikktryggleiken på staden. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det ligg føre samfunnsmessige omsyn som tilseier at klaga på dispensasjonsvedtaket må behandlast etter at klagefristen er gått ut.

På denne bakgrunn finn fylkesrådmannen at klage over SVV sitt avvisningsvedtak ikkje vert teken til følgje.